

# Innst. S. nr. 114.

(1998-99)

## **Innstilling fra finanskomiteen om samtykke til å sette i kraft en skatteavtale mellom Norge og Albania, underskrevet i Oslo den 14. oktober 1998.**

St.prp. nr. 36 (1998-99).

Til Stortinget.

### **Sammendrag**

Etter oppmodning frå albanske styresmakter tok Noreg og Albania i 1994 opp forhandlingar om å inngå ein avtale om å hindre dobbel skattlegging. Etter første forhandlingsrunde i Tirana blei eit utkast til avtale parafert den 9. august 1996.

Den 14. oktober 1998 blei det i Oslo underskrive ein avtale med formål å hindre dobbel skattlegging og å førebyggje unndraging av skattar av inntekt og formue mellom Noreg og Albania. Samtykke til underskriving blei gitt i kongeleg resolusjon av 11. september 1998. Avtalen blei på vegner av Noreg underskriven av utanriksminister Knut Vollebæk, og på vegner av Albania av utanriksminister Paskal Milos.

Avtalen vil tre i kraft på den dagen da begge statar har gitt kvarandre melding om at nødvendige skritt er tekne for at avtalen kan tre i kraft. Avtalen vil få verknad for skattar av inntekt og formue som vedkjem det kalenderåret som følgjer etter det året avtalen trer i kraft.

Avtalen byggjer i store trekk på mønsteret for tosidede avtalar som blei utarbeidd av OECD i 1963, og seinare revidert i 1977 og seinast i 1995. På grunn av skilnadene mellom økonomiane i Noreg og Albania, er det på nokre punkt også teke omsyn til det mønsterutkastet som er utarbeidd i FN for skatteavtalar mellom industrialiserte land og utviklingsland. Avtalen inneheld likevel nokre avvik frå desse mønsteravtalane. Mellom anna har avtalen reglar om verksemd og arbeid utanfor kysten, tilsvarende slike som finst i dei fleste skatteavtalane som Noreg har inngått dei siste åra.

Nokre av reglane avvik frå det som tidlegare har vore vanleg i dei norske skatteavtalane. Den viktigaste av dei er regelen om metoden for å unngå dobbel skattlegging. Tidlegare har Noreg som hovudregel nytta fordelingsmetoden. Etter denne metoden unngår ein

dobbel skattlegging ved at inntekter som etter reglane i avtalen kan skattleggjast i den andre staten, ikkje blir skattlagde i Noreg. På bakgrunn av skattereformen ønskjer Noreg no å nytte godskrivingsmetoden (kreditor-metoden) for å unngå dobbel skattlegging. Etter denne metoden kan Noreg skattleggje heile inntekta til personar busette i Noreg, men må gje frådrag i den utlikna skatten med eit beløp som svarar til den skatten som er betalt i Albania.

Avtalen er inngått på engelsk. Den engelske teksten og ei norsk omsetjing følgjer som vedlegg til proposisjonen.

Merknader til dei einskilte artiklane går fram av kap. 3 i proposisjonen.

### **Komiteens merknader**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Dag Terje Andersen, Berit Brørby, Erik Dalheim, Ranveig Frøiland, Trond Giske, Tore Nordtun og Hill-Marta Solberg, fra Fremskrittspartiet, Siv Jensen, Per Erik Monsen og Kenneth Svendsen, fra Kristelig Folkeparti, Randi Karlstrøm, lederen Lars Gunnar Lie og Ingebrigt S. Sørfonn, fra Høyre, Børge Brende, Per-Kristian Foss og Kjellaug Nakkim, fra Senterpartiet, Jørgen Holte, fra Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, fra Venstre, Terje Johansen, og fra Tverrpolitisk Folkevalgte, Steinar Bastesen, slutter seg til forslaget til skatteavtale med Republikken Albania.

### **Komiteens tilråding**

Komiteen viser til proposisjonen og til det som står foran og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget samtykker til å sette i kraft en avtale mellom Kongeriket Norge og Republikken Albania med formål

å hindre dobbeltbeskatning og å forebygge skatteunndragelse med hensyn til skatter av inntekt og formue, underskrevet i Oslo den 14. oktober 1998, i samsvar med et forslag fremlagt i St.prp. nr. 36 (1998-99).

Oslo, i finanskomiteen, den 11. mars 1999.

**Lars Gunnar Lie,**  
leder.

**Tore Nordtun,**  
ordfører.

**Siv Jensen,**  
sekretær.